

## Liten storm målt på Korsnes

10.01.2015



Slik var situasjonen på Neset klokka 14

**Det bles friskt i dag også i Uskedalen og observatør Kurt Haugland kan opplyse at han målte 22,4 meter i sekundet klokka 7 i dag tidleg. Det er liten storm.**



- og slik var den på Stølavikja omtrent samtidig

Sidan og fram til klokka 15 har høgaste måling vore 16,4, som er stiv kuling. Vinden er hardare lenger ute. Soleis kom han opp i 22 på Stord lufthamn klokka 14.

Varslet for Uskedalen, som ein finn ved å klikka på VERET I USKEDALEN til venstre på sida, går ut på at det vert sterk kuling fram mot midnatt. Det har hatt konsekvensar mellom anna for straumforsyninga, med stutte straumbrot ved 19-tida. Også datasambandet og TV-sendingane har vore ramma.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og Kjell Magne Haugland